

Fra: Pauline Tomren (Pauline.Tomren@vlfk.no)

Sendt: 06.09.2021 08:59:54

Til: Politisk; Karianne Alette Torvanger

Kopi:

Emne: Spørsmål til utvalsmøte på onsdag

Vedlegg:

Hei! Eg blei nyleg gjort oppmerksom på ei problemstilling som gjer at eg kjem med spørsmål i siste lit.

Sist veke var eg i kontakt med jenter som går byg- og annleggsteknikk på Slåtthaug VGS som oppga at skulen ikkje hadde eigne garderober til dei. Vestland fylkesting kom nyleg med eit fråsegn kor vi oppmodna bygg- og annleggsbransjen til å ta tak i mangel på garderober for kvinner.

Mange av yrkesfaga som tradisjonelt er mannsdominerte får fleire kvinnelege søkarar til linjene sine. Desse jentene er fullverdige elever på lik linje med guttane som går på linjer kor det er behov for garderobe til kleskifte. Det er viktig at fylkeskommunen sikrer eit likeverdig tilbod til alle elevar uansett kjønn.

Spørsmål til utvalsleiar med utgangspunkt i informasjonen over

- Kva for linjer har behov for garderober til kleskifte før praktisk undervisning?
- Kor mange skular i fylkeskommunen manglar tilstrekkeleg med kjønnsdelte garderober til elevane?
- Korleis jobber slåtthaug VGS med å løyse problemstillinga med manglande garderobe, og kva for oppfølging får dei frå fylkeskommunen?